Løysinga med samlokalisering på Laksevåg var ein del av eit kompromiss der ein skulle løyse utfordringar knytt til det vidaregåande tilbodet og lokalisering av ein ny fagskule, og det er fatta politiske vedtak om samlokalisering av begge skuleslaga på Laksevåg. I ettertid er det kome store endringar i høve til fagskulesektoren med omsyn til innretninga av skuleslaget som høgare yrkesfagleg utdanning, og ønskje om stor vekst i talet på fagskulestudentar framover. Med bakgrunn i dette vil styret peike på at dersom veksten vidare vert i tråd med nasjonale målsettingar, er styret bekymra for at lokaliseringa til Laksevåg ikkje har moglegheiter for ytterlegare utviding eller vekst.

Som konsekvens av dei nasjonale målsettingane og føringane frå nasjonale styresmakter får fagskulen ein langt sterkare rolle i utdanningssystemet og koplinga til høgskulesektoren vert sterkare. Styret vil peike på at ein må byggje vidare på det gode samarbeidet som etablerast med Høgskulen på Vestlandet i høve til mellom anna sambruk, og at det no vert lagt til rette for fleire saumlause overgangar mellom fagskuleutdanning og høgskuleutdanning.

**Rom og funksjonsprogram**

Det er gjort eit omfattande og godt arbeid med RFP for Fagskolen i Hordaland som i seg sjølv tek omsyn til skuleslaget sin eigenart, men gir avgrensa rom for vekst utover det som er omtala i saksframlegget. Det er store forventningar til fagskulen frå både eigar, regionalt arbeidsliv og øvre styringsmakter i høve til å utvikle

og gje tilbod i tråd med lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov. Fagskolen i Hordaland er ein av dei skulane i landet som rekrutterer flest studentar nasjonalt, samtidig som det er ei stor etterspurnad lokalt. Dette er ei styrke for regionen i høve til å fylle opp tilbod som dekker kompetansebehovet både i eiga region og for andre regionar. Fagskular som ikkje får tilstrømming frå andre regionar vert avhengig av stor oppslutning lokalt for å kunne gjennomføre tilbod med ein berekraftig økonomi. Vidare syner RFP at det er tenkt nytt i høve til utnytting av laboratorium, simulatorar og andre spesialrom, og dette er svært positivt. Det er viktig å få til god utnytting av spesialrom og klasserom då desse er svært kostbare og ressurskrevjande, og ein bør få til ei gode samarbeidsavtale med høgskulen for best mogleg utnytting.

Vidare vil styret peike særskilt på at dei nye bransjeprogramma som legg opp til kortare og fleksible fagskuletilbod, og aukande behov for etter- og vidareutdanning / kursverksemd ikkje er ivareteke i RFP. Styret vil også peike på at det i RFP ikkje er teke høgde for dei behova studentane har for grupperom og andre stillerom t.d. lesesal o.l. Styret er også usikker på om det er nok kapasitet for vekst i talet på tilsette jf. veksten i talet på studentar.

### **Sambruk med Laksevåg og Bergen maritime vgs**

Styret har det øvste ansvaret for studentane sitt arbeids- og læringsmiljø og vil igjen løfte fram at studentane er avhengig av gode fasilitetar for eigenstudie og prosjektarbeid spesielt knytt til hovudprosjekta. Styret meiner derfor det er viktig at slike areal vert utforma med god skjerming frå øvre aktivitet ved den vidaregåande skulen. Styret har gjennom studentdemokratiet ved fagskulen fått klare tilbakemeldingar om at det er utfordringar knytt til sambruk med vidaregåande skule i dag. Studentrepresentanten i styret viser også til at Organisasjon for norske fagskolestudenter (ONF) ønskjer eit tydeleg skilje mellom fagskule og vgs.

Vidare har styret i tidlegare uttale i samband med sak PS 22/2017 «Fagskolen i Hordaland og yrkesfagleg vidaregåande skule samlokalisert på Laksevåg», som vart handsama i fylkestinget 07. mars 2019, uttrykt behov for at fagskulen skal stå fram som eit eige skuleslag i eit eige bygg. Trass i at fagskulesektoren dei siste åra har fått stor merksemd gjennom fagskulereforma er det framleis mange som kjenner for lite til kva ein fagskule er og kva moglegheiter som eksisterer innan høgare yrkesfagleg utdanning. På bakgrunn av dette vil styret framheve viktigheita av at det vert bygd eit skulebygg som er synleg og visar skuleslaget sine kvalitetar.

### **Avsluttande merknad:**

RFP omtalar at fagskulestudentar får fagskulepoeng men dette er jf. fagskulelova endra til studiepoeng.

**PS 44/19 Ymse**



Arkivnr: 2015/11453-212  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland	45/19	28.11.2019

### Styret sin kompetanse og delegering til rektor

#### Samandrag

I møte 12.09.2019 bad styret om ei oversikt over styret sin kompetanse jf. fagskulelova med forskrifter. I denne saka vert det vist kva kompetanse som ligg til styret, samt kva som er delegert eller kan delegerast til rektor ved Fagskolen i Hordaland. Det som kan delegerast til rektor er i saksframlegget føreslått delegert, det som allereie er delegert til rektor eller andre, t.d. den lokale klagenemnda, står ført opp med omtale av kvar dette er delegert.

#### Forslag til vedtak

Styret tek saka til orientering, og vedtek delegering i tråd med saksframlegget.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing for fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 25.09.2019

I møte 12.09.2019 bad styret om ei oversikt over styret sin kompetanse jf. fagskulelova med forskrifter. I denne saka vert det vist kva kompetanse som ligg til styret, samt kva som er delegert eller kan delegerast til rektor ved Fagskolen i Hordaland. Det som kan delegerast til rektor er i saksframlegget føreslått delegert, det som allereie er delegert til rektor eller andre, t.d. den lokale klagenemnda, står ført opp med omtale av kvar dette er delegert.

## Styret sin kompetanse jf. lov og forskrifter og delegering til rektor

### Akkreditering av fagskuleutdanning

Jf. fagskulelova § 5 andre ledd er akkreditering ein fagleg vurdering av om ein fagskule eller ein fagskuleutdanning oppfyller vilkår gitt av departementet eller NOKUT. Akkreditering er eit vilkår for å kunne tilby fagskuleutdanning. Akkreditert fagskuleutdanning skal vere i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR).

Jf. fagskulelova § 5 fjerde ledd kan NOKUT trekkje tilbake akkreditering av eit tilbod eller ei akkreditering av fagområde dersom vilkåra ikkje lenger er oppfylt. Styret for fagskulen har ansvar for å sikre at studentar får gjennomført starta utdanning på ein tilfredsstillande måte dersom akkreditering vert trekt tilbake.

Jf. fagskuleforskrifta § 49 første ledd skal fagskular ha eit tilfredsstillande internt system for kvalitetssikring av utdanningane som bidreg til kvalitetsutvikling, forbetringar og fagskuleutdanningane sin yrkesrelevans. Systemet skal også gje tilfredsstillande dokumentasjon av kvalitetsarbeidet ved institusjonen og avdekke eventuelle sviktande kvalitet i fagskuleutdanningane.

Jf. fagskuletilsynsforskrifta § 4-1 første ledd\* skal kvalitetsarbeidet ved fagskulen vere forankra i fagskulen sitt styre og leiing.

\*Referansen syner til ny fagskuletilsynsforskrift som NOKUT har hatt ute på høyring med frist 01.11.2019, og kan verte justert.

### Styret sitt ansvar

Jf. fagskulelova § 9 skal alle fagskular ha eit eige styre. Styret sjølv skal fatte vedta om det er forsvarleg å ta opp nye studentar, og vedtak skal fattast før studiestart.

Styret skal også:

- a) sørge for at studentane får den utdanning som fagskulen har akkreditering for
- b) sørge for at alle vilkår for eventuelle offentlege tilskot er oppfylt
- c) Sørge for at opplysingar som vert gitt til NOKUT, studentar og dei som søker utdanning er korrekte og fullstendige
- d) sørge for at det vert gitt naudsynt informasjon og rettleiing til søkjarar til, og studentar ved, fagskulen om mellom anna skulepengar, studietilbod, søknadsfristar og opptakskrav
- e) fastsette krav til lærarkompetanse, instruktørkompetanse og leiinga ved fagskulen
- f) sørge for at verksemda vert driven i samsvar med gjeldande lover og reglar, og etablere og sørge for gjennomføring av systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette

Styret kan delegere sitt mynde gitt av fagskulelova til andre ved fagskulen om det ikkje følgjer av lova at styret sjølv skal fatte vedtak. Punkt a-e skal følgjast opp i det daglege av rektor ved fagskulen. Styret vedtek rutine for internkontroll jf. punkt f, medan rektor sørger for gjennomføring og oppfølging.

### Vedtaksføre og gjennomføring av styremøter

Jf. fagskulelova § 11 kan styret fatte vedtak når meir enn halvparten av medlemene eller tilsvarande mange varamedlemer er til stade og avgjer stemme. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal om ikkje noko anna er

bestemt i lova. Om det er like mange stemmer for og imot eit forslag har møteleiar dobbelstemme. Styremøta vert leia av styreleiar, dersom styreleiar ikkje er tilstade utpeikar styret ein møteleiar.

### Rektor

Jf. fagskulelova § 12 skal styret sjølv tilsette rektor ved fagskulen som har naudsynt fag- og leiarkompetanse. Studentane og dei tilsette skal verte høyrd før ein rektor vert tilsett.

Om avgjerda i ei sak ikkje kan vente til styret kan kome saman i møte, avgjer rektor saken. Styret kan også gje rektor fullmakt til å avgjere saker som ikkje bør utsettast til neste styremøte.

### Studentorgan og studentrepresentasjon

Jf. fagskulelova § 14 kan studentane ved fagskulen opprette eit studentorgan som skal ivareta studentane sine interesser og fremje deira meiningar. Studentar ved dei einskilde avdelingane ved fagskulen kan opprette studentorgan på tilsvarande måte. Styre skal leggje til rette slik at studentorganet kan drive sitt arbeid på ein tilfredsstillande måte. Studentorganet skal verte høyrd i alle saker som vedkjem studentane. Vidare skal studentar vere representert i alle kollegiale organ som er tildelt avgjerdsmynde ved ein fagskule. Rektor er ansvarleg for å følgje opp at fagskulelova § 14 vert følgt.

### Studentombod

Styret skal sørge for at alle studentane ved fagskulen har tilgang til eit studentombod. Studentombodet skal gje fagskulestudentar råd og hjelp i saker knytt til deira studiesituasjon. Studentombodet kan ikkje verte instruert i sitt virke.

### Læringsmiljø

Jf. fagskulelova § 15 har styret det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø, og skal i samarbeid med studentorganet legge til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø. Styret skal vidare innanfor sitt ansvarsområde arbeide for å førebygge og forhindre trakassering og seksuell trakassering, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 13.

Styret skal også i samarbeid med studentsamskipnaden legge til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø, og arbeide for å betre studentvelferda ved lærestadene.

Styret har ansvaret for at læringsmiljøet og det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg med omsyn til studentane sin helse, tryggleik og velferd. I utforminga av det fysiske arbeidsmiljøet skal styret, så langt det er mogleg og rimeleg, sørge for:

- a) at lokale, tilkomstvegar, trapper, m.m. er dimensjonert og innreia for den verksemda som vert drifta
- b) at lokala har gode lys- og lyd-forhold og forsvarleg inneklime og luftkvalitet
- c) at lokala vert vedlikehalden og er reine og ryddige
- d) at lokala er innreia slik at studentane unngår uheldige fysiske belastningar
- e) at verksemda er planlagt slik at skader og ulykker vert førebygga
- f) at tekniske innretningar og utstyr er sikra og vert vedlikehalda slik at studentane unngår skadar og ulykker
- g) at lokale, tilkomstvegar, sanitæranlegg og tekniske innretningar er utforma slik at personar med nedsett funksjonsevne kan studere ved fagskulen
- h) at læringsmiljøet er innretta for studentar av ulike kjønn
- i) at læringsmiljøet er utforma etter prinsipp om universell utforming

### **Opptak**

Jf. fagskulelova § 16 er opptaksgrunnlaget til fagskuleutdanning fullført og bestått vidaregåande opplæring. Styret sjølv skal gje utfyllande forskrift om opptak til den einskilde fagskule med krav til formell utdanning eller tilsvarande realkompetanse.

Jf. fagskuleforskrifta § 7 fjerde ledd kan styret sjølv stille spesielle opptakskrav som er relevante for fagskuleutdanninga. Med spesielle opptakskrav meiner ein krav om bestemte fag, fagbrev, sveinebrev, karakterar, poeng, opptaksprøver, arbeidserfaring, autorisasjonar, sertifiseringer eller andre yrkesgodkjenningar.

Jf. § 7 femte ledd i fagskuleforskrifta kan styret sjølv også stille opptakskrav om fullført og bestått fagkuleutdanning til fagskuleutdanningar, men berre i tilfelle der dei einskilde fagskuleutdanningane er sjølvstendige einingar som byggjer på kvarandre, og at det totale løpet for utdanningane som byggjer på kvarandre ikkje har eit større omfang enn 120 studiepoeng. I særlege tilfelle kan det totale utdanningsløpet vere opp til 180 studiepoeng.

### **Innhald i utdanninga**

Jf. fagskulelova § 17 skal styret fastsette ein plan for innhald i utdanninga og bestemme korleis planen skal gjennomførast. Det skal mellom anna verte fastsett føresegner om obligatoriske kurs, praksisstudium, vurderingsformer og liknande. Plan for innhald og krav til gjennomføring skal gå fram av studieplanen som styret har vedteke.

### **Klageorgan, klager og skikkavurdering**

Jf. fagskulelova § 20 skal fagskulen opprette ein lokal klagenemnd som skal handsame klager over enkeltvedtak. Styret kan bestemme at klagenemnda også skal handsame andre klagesaker frå studentane og saker etter §§ 23 til 27 i fagskulelova. Styret for Fagskolen i Hordaland har vedteke gjennom instruks for lokal klagenemnd å delegere handsaming av andre klagesaker frå studentane og saker etter §§ 23 til 27 til den lokale klagenemnda.

- § 23 Klage på formelle feil ved eksamen
- § 24 Annullering av eksamen eller prøve
- § 25 Bortvising eller utestenging
- § 26 Skikkavurdering
- § 27 Krav om politiattest

Jf. fagskuleforskrifta § 27 første ledd skal det gå fram av fagskulen sin forskrift kva fagskuleutdanningar som er omfatta av skikkavurdering.

Jf. fagskuleforskrifta § 31 første ledd skal styret sjølv nemne opp ei skikkanemnd.

Jf. § 32 første ledd nemner styret opp éin eller fleire tilsette ved fagskulen som skikkaansvarleg for skikkavurdering. Styret har delegert å nemne opp skikkaansvarleg til rektor ved Fagskolen i Hordaland i sak PS 39/2019 i møte 12.09.2019.

### **Avsluttande vurdering, eksamen og sensur**

Jf. fagskulelova § 21 første ledd skal styret sørgje for at studentane sine kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse vert prøvd og vurdert på ein upartisk og fagleg tryggande måte. Vurderinga skal sikre det faglege nivået ved den aktuelle utdanninga og det skal vere ein ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordningane.

Jf. fagskulelova § 21 andre ledd nemner styret opp sensor ved eksamenar, prøvar, vurderingar av oppgåver eller anna arbeid når resultatet inngår i vitnemålet eller vert rekna inn i karakter for utdanninga. Oppnemning av sensur etter denne føresegna vert delegert til rektor.

Jf. § 21 tredje ledd skal sensuren vere klar innan tre veker etter at ein eksamen, prøve eller oppgåve eller anna arbeid er gjennomført om ikkje særelege grunner gjer det naudsynt å nytte meir tid. Styret sjølv kan gjere unntak for ein skilde eksamenar og fastsette ein lengre frist når det ikkje er mogleg å skaffe det naudsynte talet på kvalifiserte sensorar for å gjennomføre sensuren innan tre veker.

Jf. § 21 femte ledd gir styret sjølv forskrift om gjennomføring av eksamenar, prøvar eller anna arbeid. Dette omfattar vilkår for å gå opp til eksamen eller prøve på nytt, tilgang til ein ny praksisperiode og oppmelding. Styret delegerer til rektor ved fagskulen å gje utfyllande forskrift om tilhøve som er særskilt for den ein skilde eksamen.

#### **Forbod mot bruk av klesplagg som helt eller delvis dekker ansiktet**

Jf. fagskulelova § 43 skal studentar og tilsette ikkje nytte klesplagg som helt eller delvis dekker ansiktet i samband med undervisning eller tilsvarande. Forbodet gjeld ikkje når bruken av slike plagg er grunna klimatiske, pedagogiske, læringsmessige, helsemessige eller tryggleiksmessige tilhøve.

Ein student som trass skriftleg åtvaring har nytta klesplagg som helt eller delvis dekker ansiktet i strid med denne lova kan bortvisast i inntil eitt år. Om studenten tross skriftleg åtvaring ikkje etterkome eit vedtak om bortvising, kan studenten stengast ute frå utdanninga i inntil eitt år. Vedtak om bortvising kan gjerast av rektor eller den rektor delegerer til. Vedtak om utestenging gjerast av styret eller den lokale klagenemnda. Styret har delegert mynde til å stenge ute ein student etter denne føresegna til den lokale klagenemnda.





Arkivnr: 2015/11453-213  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland	46/19	28.11.2019

### Endring av utdanningsløpet for maritim fagskuleutdanning

#### Samandrag

Rektorane ved dei maritime fagskuleutdanningane har i rektormøte 07.03.2019 blitt einig om å endre utdanningsløpet i dei maritime utdanningane for å sikre eit meir heilskapleg løp, og det er starta opp eit arbeid for å utvikle reviderte emneplanar. Det er gjort ei avklaring med NOKUT om at dette ikkje er ei vesentlig endring som skulane må søkje akkreditering for. Styra for fagskulane må likevel godkjenne ei endring om eit to-årig gjennomgåande løp og sende vedtaket til NOKUT. Dei nye emneplanane vil verte tatt i bruk får skuleåret 2020/21 og føre fram til det høgste sertifikat i høve til STCW-konvensjonens krav.

#### Forslag til vedtak

Fagskolen i Hordaland skal frå skuleåret 2020/21 gå over til eit to-årig obligatorisk utdanningsløp som skal føre fram til høgste sertifikat i høve til krava i STCW-konvensjonen.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 04.11.2019**

Rektorane ved dei maritime fagskuleutdanningane har i rektormøte 07.03.2019 blitt einig om å endre utdanningsløpet i dei maritime utdanningane for å sikre eit meir heilskapleg løp, og det er starta opp eit arbeid for å utvikle reviderte emneplanar. I dag eksisterer det fire utdanningsplanar for dei maritime fagskuleutdanningane; eitt-årig løp for dekksoffiser og maskinoffiser, og to-årig løp for dekksoffiser og maskinoffiser. Fagskolen i Hordaland nyttar seg berre av det to-årige løpet innan kvar av dei to utdanningane dekksoffiser og maskinoffiser. Dei eitt-årige løpa er for dei studentane som ikkje ønskjer å utdanne seg til høgste sertifikat. Det er stort sett mindre fagskular som nyttar seg av dette løpet.

Målet med å endre utdanningsløpet for den maritime fagskuleutdanningane er å få ein betre undervisning i høve til den maritime internasjonale konvensjonen STCW. Fagskulane vil få oppdaterte emneplaner og ein utdanning med eit gjennomgåande to-årig løp. Dei nye emneplanane vil vere eit godt grunnlag for betre kvalitet i Dekks- og Maskinoffisersutdanninga ved fagskulane nasjonalt. Krava til sentrale styresmakter og næringa sine behov vil vere ivareteke i større grad enn ved dagens planar, og det vil bli enklare å få til overgangar mellom fagskuleutdanning og anna høgare utdanning innan dei maritime studieretningane.

Eksamensordninga ved dei maritime utdanningane vil også bli endra som ei følge av endringane i emneplanane. I dag har dei maritime studentane eksamen i alle konvensjonsemna i tillegg til trekk-emne begge studieår, noko som er svært krevjande for både studentane og fagskulane. Vidare er arbeidsfordelinga mellom fyrste og andre studieår svært ujamnt fordelt fordi det er fleire konvensjonsemne første studieår. Med dei nye emneplanane vil det berre verte gjennomført avsluttande eksamenar, og det vil bli utarbeidd nye vurderingsordningar med meir bruk av simulatorar og mogleg heimeeksamenar i nokre emne. Dei maritime rektorane vil saman avgjere kva vurderingsordningar som skal nyttast i utdanningane.

Endringa i studie- og emneplanane skal gjere utdanningane meir framtidsretta og fleksible med moglegheiter for å endre delar av innhaldet lokalt. Tiltaket skal også sjåast i samheng med det grøne skiftet og ny teknologi i den maritime næringa.

Gjennom rektorsamarbeidet ved dei maritime fagskulane er det gjort ei avklaring med NOKUT om at dette ikkje er ei vesentlig endring som skulane må søkje akkreditering for. Grunnen til dette er at det overordna læringsutbyttet ikkje vert endra. Styra for fagskulane må likevel godkjenne ei endring om eit to-årig gjennomgåande løp og sende vedtaket til NOKUT. Dei nye emneplanane vil verte tatt i bruk får skuleåret 2020/21 og føre fram til det høgste sertifikat i høve til STCW-konvensjonens krav.

I høve til eitt-årige studieløp innan dei maritime utdanningane vil det bli starta eit arbeid for å utvikle eigne studieplanar for dette. Dette vil vere eit tilbod for studentar som ønskjer å utdanne seg til lågare sertifikat (D4 og M4). Dersom Fagskolen i Hordaland skal tilby eitt-årige maritime utdanningar må det søkjast NOKUT om godkjenning for det.



Arkivnr: 2015/11453-215  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland	47/19	28.11.2019

## Mål- og tiltaksplan 2019/20 og utkast til nytt kvalitetssystem

### Samandrag

12.09.2019 handsama styret kvalitetsmelding i sak PS 37/19 og som oppfølging av dette vart det arrangert skulebesøk ved fagskulen 03.10.2019. Jf. kvalitetssystemet skal skulen som ei oppfølging av kvalitetsmeldinga og skulebesøket utarbeide mål- og tiltaksplan som vert lagt fram i denne saka. Til slutt vert det gjeve eit utkast til korleis eit nytt kvalitetssystem for fagskulen kan vere, og det er ønskjeleg at styret gjev tilbakemeldingar og innspel til dette.

### Forslag til vedtak

Mål- og tiltaksplan for skuleåret 2019/20 vert vedteke slik det kjem fram av saka.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 05.11.2019

12.09.2019 handsama styret kvalitetsmelding i sak PS 37/19 og som oppfølging av dette vart det arrangert skulebesøk ved fagskulen 03.10.2019. Ved skulebesøket deltok leiinga ved fagskulen, samt student- og tilsettrepresentant, og styreleiar og styresekretær. Det var sett av god tid til å gå igjennom resultatane frå kvalitetsmeldinga og det var konstruktive diskusjonar i møtet. I møtet fokuserte ein spesielt på korleis kvalitetssystemet og bruken av dette gir skulen og styret den informasjonen som er naudsynt for å arbeide godt med kvalitet i utdanningane. Det var stor semje om at dagens kvalitetssystem må endrast for å sikre betre innsamling av data og tilbakemeldingar frå studentar, lærarar, arbeidsliv og sensorar. Vidare vart det også drøfta korleis fagskulen kan arbeide for å i større grad analysere dei resultatane som kjem fram gjennom dei ulike undersøkingane. Uønskt merksemd og trakassering var også eit tema i høve til at fagskulen må sikre gode rutinar og ei handlingsplan for å førebygge hendingar. Til slutt gjekk avdelingsleiarane igjennom resultatane for sine avdelingar, og ein ser mellom anna at tilhøve kring lokale og inneklima framleis er ei utfordring. Dette vil skulen følgje opp med eigeidom og melde til styret. Studentrådet var spesielt opptatt av at skulen måtte vere tydelegare på kva plattform som vert nytta for å gi informasjon til studentane. Dei opplever ofte at informasjon om innleveringar, prøver o.l. vert gitt i ulike kanalar. Skulen er klar på at all informasjon til studentane skal verte gitt gjennom it'slearning og vil følge opp at dette vert gjennomført.

Jf. kvalitetssystemet skal skulen som ei oppfølging av kvalitetsmeldinga og skulebesøket utarbeide mål- og tiltaksplan, og vidare i saken vert denne vist. Til slutt vert det gjeve eit utkast til korleis eit nytt kvalitetssystem for fagskulen kan vere, og det er ønskjeleg at styret gjev tilbakemeldingar og innspel til dette.

## Mål- og tiltaksplan 2019-2020

### ***Fagskulen skal styrke arbeidet med kvalitet i utdanningane ved å arbeide strategisk og systematisk med kvalitetsutvikling på skulen.***

Tiltak:

- Utvikle eit nytt kvalitetssystem som sikrar at skulen arbeider strategisk og systematisk med kvalitetsutvikling på skulen. Omgrep, roller og ansvar må vere tydeleg definert.
- Sikre at kvalitetssystemet er forankra i heile organisasjonen.
- Sikre at kvalitetsarbeidet baserar seg på eit grundig kunnskapsgrunnlag.

### ***Studentar og tilsette skal ha eit godt arbeids-, og læringsmiljø med høg trivselsfaktor.***

- Skulen skal følgje opp tilhøve knytt til klima og innemiljø i samarbeid med eigeidomsavdelinga.
- Skulen skal sikre god klasseromshygiene ved å følgje opp at skulen sine trivselsreglar vert følgt.
- Skulen skal sikre eit godt psykososialt arbeids- og læringsmiljø ved å fremme ein kultur basert på føreseielegheit, openheit, dialog og samhald.
- Skulen skal utvikle ein handlingsplan og gode rutinar som skal førebygge trakassering og uønskt merksemd.

### ***Studentdemokratiet skal styrkast***

- Skulen skal leggje til rette for at studentdemokratiet fungerer godt ved alle studiestadene.
- Skulen skal sikre at studentane vert involvert i arbeid med utvikling av studiemiljø og utdanningar t.d. gjennom lokale fagråd.

### ***Arbeidslivet sitt kompetansebehov skal vere retningsgjevande for utvikling av utdanningane***

- Skulen skal sikre høg yrkesrelevans gjennom å etablere lokale fagråd for utdanningane.

- Skulen skal vere i tett dialog med arbeidslivet for å sikre kunnskap om utviklinga i relevante og nye næringar.

**Fagskulen skal arbeide systematisk og aktivt med kompetanseheving og pedagogisk utvikling**

- Skulen skal kartleggje kompetansebehova hos dei tilsette og lage ein plan for kompetanseheving.
- Skulen skal etablere lokale fagråd ved utdanningane.
- Skulen skal leggje til rette for fagleg og pedagogisk utvikling i og mellom avdelingane.

**Andre tiltak**

- Sikre at it'slearning er den offisielle kanalen for å gi informasjon til studentane.
- Sikre god svarprosent i studentevalueringa ved at klassekoordinator set av tid til gjennomføring av evalueringa og har god ajourhold av klasselister.
- Sikre at studentane får undervisning til angitt tid etter timeplan, og at dei får tilbakemeldingar innan fastsette fristar.
- Kartleggje sluttårsaker og gjennomføringsproblematikk.
- Tilby kurs i studieteknikk.

**Utkast til nytt kvalitetssystem**

For å sikre god oppfølging av kvaliteten ved skulen ønsker ein å undersøkje kvaliteten etter ulike kvalitetsområder som også vil gi informasjon om den totale kvaliteten ved skulen. Dette gjev rom for større grad av analyse og innsats ved dei einskilde områda. Under er det vist 7 forslag til kvalitetsområder som kan danne grunnlag for eit slikt system.

**Kvalitetsområder**



***Opptakskvalitet***

Analyse og vurdering av opptaket basert på data om studentane sitt opptaksgrunnlag, poengnivå og eventuelle klager på opptak mm.

***Rammekvalitet***

Vurdering av infrastruktur, IKT, tilrettelegging, struktur, fagmiljø og psykososialt arbeids- og læringsmiljø, samt økonomistyring.

***Utdanningskvalitet***

Vurdering av studietilbodet, emne og studieplaner, arbeids- og undervisningsformer og eksamensopplegget.

***Undervisningskvalitet***

Vurdering av kvaliteten på læringsarbeidet og omfattar både formidlingskvalitet og kvaliteten på studentane sin eigen innsats.

***Resultatkvalitet***

Vurdering av eksamensresultat, gjennomføringstid og fråfall.

***Relevanskvalitet***

Vurdering av om utdanningane har god yrkesrelevans.

***Styringskvalitet***

Vurdering av skulen sin evne til å styre kvalitetssikring og kvalitetsutvikling, samt sikre forankring av kvalitetsarbeidet i heile institusjonen.

Vidare vil skulen arbeide for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for å få god og tilstrekkeleg informasjon om kvar av dei nemnte kvalitetsområda. Til dømes vil ein vurderer å erstatte dagens studentundersøking med studentundersøkinga til NOKUT i studiebarometeret. Lærarevalueringa må forberast og dette ønskjer skulen å gjere i samråd med dei tilsette for å sikre at undersøkinga gjev naudsynt informasjon om kvaliteten i undervisninga m.m. Det er også viktig for lærarane å vite kva dei vert målt på i høve til kvalitetsutviklinga ved skulen. Til slutt må skulen arbeide for å få meir tilbakemelding frå arbeidslivet slik at dette vil gi ein verdi i spørsmål om mellom anna yrkesrelevans.



Arkivnr: 2015/11453-217

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland	48/19	28.11.2019

**Tilbudsstruktur for Fagskolen i Hordaland 2020/21**

**Samandrag**

I denne saka vert det vist forslag til kva tilbod som kan lysast ut gjennom samordna opptak for søkjarar til skuleåret 2020/21. Dette er ein mellombels tilbudsstruktur og styret vil vedta endeleg tilbudsstruktur etter opptaket er avslutta i mai 2020.

**Forslag til vedtak**

Følgjande mellombelse tilbudsstruktur vert vedteke for Fagskolen i Hordaland skuleåret 2020/21:

691	Fagskolen i Hordaland	Student- tal 1. år	søkjarar 1. år 2019
<b>Nordnes</b>	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	30,00	<b>57,00</b>
	KEM /Tak og fasade FTB03N	-	<b>0,00</b>
	Bygg FTB01H	30,00	<b>70,00</b>
	Bygg FTB01N	35,00	<b>75,00</b>
	Automatisering FTE01H	30,00	<b>47,00</b>
	Automatisering FTE01N	30,00	<b>61,00</b>
	Elkraft FTE03H	30,00	<b>60,00</b>
	Elkraft FTE03N	35,00	<b>113,00</b>
	Maskinteknikk FTT04H	30,00	<b>48,00</b>
	Maskinteknikk FTT04N	30,00	<b>55,00</b>
	Maskinteknikk med ISO FTT11N	-	<b>0,00</b>
	Prosessteknikk FTK01H	-	<b>35,00</b>
	Prosessteknikk FTK01N	30,00	<b>0,00</b>
	Klassisk bygningshandverk FTB54H	-	<b>0,00</b>
	Klassisk bygningshandverk FTB54D	-	<b>23,00</b>
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH14D	30,00	<b>40,00</b>
	Rehabilitering FHH04D	-	<b>0,00</b>
	Spesialreinhold FHH10D	-	<b>32,00</b>
<b>Stord</b>	Maskinteknikk FTT04H	-	<b>32,00</b>
	Maskinteknikk med ISO FTT11H	-	<b>29,00</b>
	Elkraft FTE03H	20,00	<b>0,00</b>
	Automatisering FTE01H	20,00	<b>0,00</b>
<b>Nygård</b>	Maskinoffiser FTM02H	30,00	<b>57,00</b>

	Dekksoffiser FTM01H	30,00	<b>80,00</b>
	Boring FTP01H	30,00	<b>36,00</b>
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	20,00	<b>7,00</b>
	CNC og robotteknologi FTT53H	-	<b>0,00</b>
	CNC og robotteknologi FTT53N	30,00	<b>17,00</b>
<b>Austevoll</b>	Dekksoffiser FTM01H	30,00	<b>28,00</b>
<b>Hjeltnes</b>	Arborist FPS01D	20,00	<b>0,00</b>
	Lokal matkultur FTK51N	25,00	<b>18,00</b>
<b>Voss</b>	Anlegg FTB02H	-	<b>0,00</b>
	Anlegg FTB02N	30,00	<b>65,00</b>
	Rehabilitering FHH04D	25,00	<b>10,00</b>
	<b>Totalt</b>	<b>650,00</b>	<b>1095,00</b>

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



## Fylkesrådmannen, 05.11.2019

I denne saka vert det vist forslag til kva tilbod som kan lysast ut gjennom samordna opptak for søkjarar til skuleåret 2020/21. Dette er ein mellombels tilbodsstruktur og styret vil vedta endeleg tilbodsstruktur etter opptaket er avslutta i mai 2020.

Den endelege og totale budsjettramma for Fagskolen i Hordaland er ikkje kjent enda, men jf. arbeidsdokumentet som vart lagt fram for Finansutvalet 13.11.2019 vil dei to fagskulane i Vestland fylkeskommune få ei reduksjon i driftstilskotet frå fylkeskommunen på til saman kr 4,1 mill. (<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=220&documentId=413>). I tillegg har Fagskolen i Hordaland hatt ei lågare produksjon i studiepoeng i 2018 enn i 2017, og det er forventa ein reduksjon i det resultatbaserte tilskotet på om lag kr 900 000,-. På den andre sida så får fagskulen noko meir tilskot som del av opptrappinga i studentplassar som kom i 2018. Då vart det løyvd 21 nye studieplassar om hausten, og desse vart auka til 42 studieplassar hausten 2019 som ein del av den varsla opptrappinga. I 2020 får fagskulen vårverknaden av denne opptrappinga og er forventa å ligge på om lag 1,2 mill. kr. I tillegg er det lagt inn pris- og lønsvekst i det statlege driftstilskotet. Vestland fylkeskommune får også 9 nye studieplassar (heiltidsekvivalentar) hausten 2020, og fagskulen kan søkje fylkeskommunen om å få desse til nye studentar som kombinerer skule og arbeid.

Av di budsjettramma ikkje er tilstrekkeleg kjent på dette tidspunktet tek ein i denne saka utgangspunkt i budsjettramma for 2019 i dimensjoneringa av tilbodet til skuleåret 2020/21. Budsjettramma for Fagskolen i Hordaland var på kr 97 295 000 i 2019. Av ramma var kr 87 414 000 statleg tilskot, og kr 9 881 000 fylkeskommunalt driftsbudsjett.

Tilbodsstrukturen er rekna ut med bakgrunn i ein studentsats på helsefaga med kr 68 800,- (grunnsats) og for dei øvre fagretningane med kr 86 500,-. Satsen for helsefaga er prisjustert gjennom eit nasjonalt samarbeid, og er også gjeldande for andre eksterne fagskular som får tilskot frå fylkeskommunane innan helsefag. Satsen for dei øvre utdanningane er lågare enn i 2019 då den var sett til kr 91 500,-. Årsaka til at satsen vert justert ned er at fagskulen har fleire studentar på 2. og 3. studieår enn tidlegare. Satsen i 2020 er tilstrekkeleg for dei utdanningane som vert godt oppfylt, men for utdanningar med låge studenttal er dette noko lågt, og det må gjerast nøyare vurderingar i samband med endeleg tilbodsstruktur i høve til kva som skal startast opp innanfor ramma. Ramma for 2020 vil sjølvstøtt vere lik uavhengig av kor mange studentar fagskulen har, men det resultatbaserte tilskotet vil verte justert ned eller opp i 2022 basert på produksjonen i 2020. Bruk av studentsats som ein metode for å dimensjonere tilbodsstrukturen er meir eit verktøy for å vurdere kva som er mogleg å starta opp, enn kva ei utdanning og student faktisk kostar.

### Forslag til overordna tilbodsstruktur skuleåret 2020/21

691	SUMMERT	veking	Student- tal 1. år	Hellårsek vivalentar 1 år	2. År heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	Søkjarar vår 2019	Budsjett
	Nordnes		340,00	262,08	99,00	172,73	129,74	663,56	716,00	56 787 001,67
	Stord		40,00	40,00	44,00	-	-	84,00	61,00	7 266 000,00
	Nygård		140,00	130,10	82,00	-	-	212,10	197,00	18 346 650,00
	Austevoll		30,00	30,00	26,00	-	-	56,00	28,00	4 844 000,00
	Hjeltnes		45,00	26,75	-	10,05	6,70	43,50	18,00	3 762 750,00
	Voss		55,00	32,60	-	22,11	16,75	71,46	75,00	5 960 040,00
	<b>Fagskolen i Hordaland</b>		<b>650,00</b>	<b>521,53</b>	<b>251,00</b>	<b>204,89</b>	<b>153,19</b>	<b>1 130,62</b>	<b>1095,00</b>	<b>96 966 441,67</b>

Tabell 1. overordna tilbodsstruktur for skuleåret 2020/21

Tabell 1 syner at det er forventa å kunne ta inn 650 nye studentar hausten 2020, og dette er lågare enn året før då det var forventa at skulen kunne ta inn 690 studentar. Nedgangen kjem av auke i studenttal 2. og 3. studieår som gjer at det vert mindre rom i ramma for nye studentar. Tabellen syner vidare korleis studenttala fordelar seg på studiestadene, samt kor mange studentar som er forventa å vere i utdanning 2. og 3. studieår skuleåret 2020/21. Tabellen syner også talet på søkjarar våren 2019.

Vidare vert tilbudsstrukturen for kvar av studiestadene og utdanningane vist, og eventuelle endringar frå skuleåret 2019/20 vert omtala.

## Nordnes

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student-tal 1. år	Heilårsekivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	Søklarar vår 2019	Budsjett
<b>Nordnes</b>	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	0,67	30,00	20,00	-	26,00	17,33	<b>63,33</b>	<b>57,00</b>	5 478 333,33
	KEM /Tak og fasade FTB03N	0,67	-	-	-	-	-	-	<b>0,00</b>	-
	Bygg FTB01H	1,00	30,00	30,00	30,00	-	-	<b>60,00</b>	<b>70,00</b>	5 190 000,00
	Bygg FTB01N	0,67	35,00	23,33	-	39,33	30,67	<b>93,33</b>	<b>75,00</b>	8 073 333,33
	Automatisering FTE01H	1,00	30,00	30,00	8,00	-	-	<b>38,00</b>	<b>47,00</b>	3 287 000,00
	Automatisering FTE01N	0,67	30,00	20,10	-	18,76	19,43	<b>58,29</b>	<b>61,00</b>	5 042 085,00
	Elkraft FTE03H	1,00	30,00	30,00	25,00	-	-	<b>55,00</b>	<b>60,00</b>	4 757 500,00
	Elkraft FTE03N	0,67	35,00	23,45	-	39,53	36,85	<b>99,83</b>	<b>113,00</b>	8 635 295,00
	Maskinteknikk FTT04H	1,00	30,00	30,00	22,00	-	-	<b>52,00</b>	<b>48,00</b>	4 498 000,00
	Maskinteknikk FTT04N	0,67	30,00	20,10	-	22,11	16,08	<b>58,29</b>	<b>55,00</b>	5 042 085,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11N	0,67	-	-	-	-	-	-	<b>0,00</b>	-
	Prosessteknikk FTK01H	1,00	-	-	14,00	-	-	<b>14,00</b>	<b>35,00</b>	1 211 000,00
	Prosessteknikk FTK01N	0,67	30,00	20,10	-	-	9,38	<b>29,48</b>	<b>0,00</b>	2 550 020,00
	Klassisk bygningshandverk FTB54H	1,00	-	-	-	-	-	-	<b>0,00</b>	-
	Klassisk bygningshandverk FTB54D	0,50	-	-	-	7,50	-	<b>7,50</b>	<b>23,00</b>	648 750,00
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH	0,50	30,00	15,00	-	8,50	-	<b>23,50</b>	<b>40,00</b>	1 616 800,00
	Rehabilitering FHH04D	0,50	-	-	-	-	-	-	<b>0,00</b>	-
	Spesialreinhald FHH10D	0,50	-	-	-	11,00	-	<b>11,00</b>	<b>32,00</b>	756 800,00

Tabell 2. Tilbudsstruktur for Nordnes 2020/21

I skuleåret 2019/20 vart det starta opp to klassar innan bygg nett og elkraft nett, for skuleåret 2020/21 er det berre dimensjonert for ein klasse ved kvar av desse utdanningane. Nettklassane ved bygg og elkraft er sett til 35 studentar i staden for 30 som ved heiltidstilbodet.

Skuleåret 19/20 vart det starta opp prosess på heiltid i staden for deltid fordi det var auka interesse for tilbodet. I kolonne 6 (2. år heiltid) ser ein at det berre er 14 studentar som går på dette tilbodet i dag, og det er derfor ikkje tilrådd å starte ein ny heiltidsklasse hausten 2020. I staden vert det tilrådd å starte dette tilbodet på nett for å nå ut til fleire søklarar.

Tilbodet spesialreinhald starta opp hausten 2019 og er eit tilbod som skulen startar opp annakvart år, og det vert derfor tilrådd at dette tilbodet ikkje startar opp hausten 2020.

Tilbodet klassisk bygningshandverk ønsker skulen å starta opp annakvart år og det vert derfor ikkje tilrådd å starta opp ein ny klasse hausten 2020.

## Stord

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student-tal 1. år	Heilårsekivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	Søklarar vår 2019	Budsjett
<b>Stord</b>	Maskinteknikk FTT04H	1,00	-	-	24,00	-	-	<b>24,00</b>	<b>32,00</b>	2 076 000,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11H	1,00	-	-	20,00	-	-	<b>20,00</b>	<b>29,00</b>	1 730 000,00
	Elkraft FTE03H	1,00	20,00	20,00	-	-	-	<b>20,00</b>	<b>0,00</b>	1 730 000,00
	Automatisering FTE01H	1,00	20,00	20,00	-	-	-	<b>20,00</b>	<b>0,00</b>	1 730 000,00

Tabell 2. Tilbudsstruktur for Stord 2020/21

Ved studiestaden Stord vert det føreslått å starta opp eit tilbod innan elkraft og eit tilbod innan automatisering hausten 2020. Hausten 2019 vart det starta opp eit tilbod innan maskinteknikk og eit innan maskinteknikk med ISO. Det vart lagt ut 30 studieplassar ved kvart tilbod, men det er i dag 20 studentar ved kvart tilbod.

Ved studiestaden Stord har det vore vanleg å veksle mellom kva tilbod som vert starta opp. Tidlegar starta ein gjerne opp eit tilbod innan elkraft og gjord ein deling andre studieår slik at nokon av studentane gjekk over til automatisering på 2. studieår. Fyrste studieår er likt ved desse to tilboda. Dette har vist seg å vere ein svært kostbar modell, fordi studenttala vart ganske låg andre studieår, og kostnaden ved å drive to tilbod 2. studieår vert ikkje tilstrekkeleg dekt. På bakgrunn av dette vert det tilrådd å lyse ut ein klasse innan kvar av utdanningane elkraft og automasjon, og dersom det ikkje vert nok søkjarar til å fylle begge klassane vert det tilrådd å berre gi tilbod om ei av utdanningane utan ei deling 2. studieår.

## Nygård

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student-tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	Søkjarar vår 2019	Budsjett
Nygård	Maskinoffiser FTM02H	1,00	30,00	30,00	29,00	-	-	59,00	57,00	5 103 500,00
	Dekksoffiser FTM01H	1,00	30,00	30,00	28,00	-	-	58,00	80,00	5 017 000,00
	Boring FTP01H	1,00	30,00	30,00	25,00	-	-	55,00	36,00	4 757 500,00
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	1,00	20,00	20,00	-	-	-	20,00	7,00	1 730 000,00
	CNC og robotteknologi FTT53H	1,00	-	-	-	-	-	-	0,00	-
	CNC og robotteknologi FTT53N	0,67	30,00	20,10	-	-	-	20,10	17,00	1 738 650,00

Tabell 2. Tilbudsstruktur for Nygård 2020/21

Det er tilrådd to endringar ved studiestad Nygård hausten 2020, og dette er innan tilboda havbotn og CNC og robotteknologi. Desse to tilboda starta ikkje opp hausten 2019, men fagskulen ønskjer å gå i dialog med næringa for å få starta desse tilboda på nytt hausten 2020. Det er føreslått 20 studentar ved tilbodet innan havbotn, og dersom det ikkje vert nok søkjarar vil dei få tilbod ved boreutdanninga dersom det er ledige plassar.

## Austevoll

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student-tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	Søkjarar vår 2019	Budsjett
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	1,00	30,00	30,00	26,00	-	-	56,00	28,00	4 844 000,00

Tabell 2. Tilbudsstruktur for Austevoll 2020/21

Det vert ikkje foreslått endringar i tilbodet dekksoffiser ved Austevoll hausten 2020.

## Hjeltnes

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student-tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	Søkjarar vår 2019	Budsjett
Hjeltnes	Arborist FPS01D	0,50	20,00	10,00	-	-	-	10,00	0,00	865 000,00
	Lokal matkultur FTK51N	0,67	25,00	16,75	-	10,05	6,70	33,50	18,00	2 897 750,00

Tabell 2. Tilbudsstruktur for Hjeltnes 2020/21

Ved studiestaden Hjeltnes er det vanleg å starta opp tilbod innan Arborist annakvart år, og det vert derfor tilrådd å starta opp ein ny klasse hausten 2020 når noverande klasser er ferdig våren 2020. Det er 15 studentar ved dette tilbodet på noverande tidspunkt, noko som er normal klassestorleik ved dette tilbodet.

Vidare er det ønskjeleg å starta opp ein ny klasse innan tilbodet lokal matkultur hausten 2020. Per i dag er det 15 studentar ved dette tilbodet, men skulen opplev ein aukande interesse og det er derfor ønskjeleg å lyse dette ut.

## Voss

691	Fagskolen i Hordaland	vektning	Student- tal 1. år	Heilårsek vivalentar 1 år	2. år heiltid	2. år nett	3. år nett	Sum Total	Søkjarar vår 2019	Budsjett
Voss	Anlegg FTB02H	1,00	-	-	-	-	-	-	0,00	-
	Anlegg FTB02N	0,67	30,00	20,10	-	22,11	16,75	58,96	65,00	5 100 040,00
	Rehabilitering FHH04D	0,50	25,00	12,50	-	-	-	12,50	10,00	860 000,00

Tabell 2. Tilbudsstruktur for Voss 2020/21

Ved studiestaden Voss vert det føreslått ein reduksjon frå 35 studieplasser fyrste studieår til 30 hausten 2020. Klasseromma ved studiestaden er dimensjonert for 30 studentar.

I tillegg er det kome ny førespurnad frå Voss kommune om å starta opp tilbod innan rehabilitering på Voss, og det vert derfor tilrådd å starta opp ein klasse med 25 studentar. Dersom det ikkje vert nok søkjarar kan fagskulen auke dimensjoneringa ved andre tilbod med god søking.

### Vidare vurderingar

Når søkjartala ligg føre etter 15. april 2020 må fagskulen gjere nøy vurderingar i høve til kva tilbod som skal starta opp for å sikre berekraftige økonomiske føresetnader i åra framover. Det er nokre utdanningar som er kostbare å driva fordi det er låge søkjartal eller fordi det ofte fell frå studentar ved oppstart. Dette gjeld spesielt tilboda prosess, automatisering heiltid, havbotn og rehabilitering. Vidare vert det arbeidd med eit nytt tilbod innan marine fag – RAS-teknologi (Recirculating aquaculture systems) som ein håpar å få starta opp hausten 2020, og som anten må finansierast innanfor ramma, eller så må skulen søkje om nye studieplassar.



Arkivnr: 2015/11453-218  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland	49/19	28.11.2019

### Fastsetting av forskrifter for Fagskolen i Hordaland

#### Samandrag

Styret handsama 12.09.2019 sak PS 36/19 om nye forskrifter for Fagskolen i Hordaland; forskrift om eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland (forskrift for Fagskolen i Hordaland) og forskrift om opptak ved Fagskolen i Hordaland. Forskriftene vart sendt på open høyring med frist 27.10.2019.

#### Forslag til vedtak

1. Forskrift om eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland (forskrift for Fagskolen i Hordaland) vert vedteke slik det kjem fram av saka og kunngjort hos Norsk Lovtidend.
2. Forskrift om opptak ved Fagskolen i Hordaland vert vedteke slik det kjem fram av saka og kunngjort hos Norsk Lovtidend.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Forskrift for FiH
- 2 Forskrift om opptak

**Fylkesrådmannen, 05.11.2019**

Styret handsama 12.09.2019 sak PS 36/19 om nye forskrifter for Fagskolen i Hordaland; forskrift for Fagskolen i Hordaland og forskrift om opptak ved Fagskolen i Hordaland. Forskriftene vart sendt på open høyring med frist 27.10.2019. Forskriftene vart sendt til følgjande spesifiserte høyringspartar:

- Studentrådet ved Fagskolen i Hordaland
- Organisasjon for norske fagskolestudenter (ONF)
- Fagskular som er med i lokal klagenemnd for fagskular i Hordaland og Sogn og Fjordane
- Relevante arbeidstakarorganisasjonar
- Råd for offentlige fagskoler (RFF)

Etter høyringsfristen er det kome inn ein uttale frå assisterande rektor ved Fagskolen i Hordaland, Helga Kristine Kallevik i høve til forskrift for Fagskolen i Hordaland.

Uttalen er som følgjer:

**Til § 5-3 Klage på mappevurdering/emnekarakter**

Tillegg til teksten (3):

Ved klage på endeleg karakter på mappevurdering/emnekarakter vert klage frå studenten og grunngjeving for karakteren frå lærarane i emnet sendt til klagenemnda. Klagenemnda vurderer klagen ut frå desse dokumenta og set endeleg karakter.

Bakgrunnen for ønske om eit tillegg til § 5-3 tredje ledd er at i klagesaker på mappevurdering/emnekarakter har skulen fått førespurnader frå klagehandsamar om ein skilde innleveringar ikkje skal evaluerast på nytt. Dette skal dei ikkje av di mappevurdering eller emnekarakter er ei heilskapsvurdering, og det studentane klagar på er den totale karakteren som består av fleire innleveringar o.l. over tid. Det vil sei at studentane berre kan klage på vektninga ved ei slik karakterfastsetting. For å kunne klage på ein skilde innleveringar o.l. som inngår i den totale karakteren må studentane klage etter at resultatet er gjort kjent ved den ein skilde innlevering etter gjeldande fristar.

Forskrift for Fagskolen i Hordaland § 5-3 tredje ledd er som følgjer:

Ved klage på endeleg karakter på mappevurdering/emnekarakter er det berre mogleg å klage på sluttvurderinga og ikkje på enkeltståande prøver og innleveringar tilbake i tid. Studenten har rett på grunngjeving for karakterfastsetting. Ved klage på mappevurdering/emnekarakter skal det gjerast ny vurdering av ein annan fagskule. Endring kan gjerast både i favør og disfavør av klagar.

Karakterfastsetting ved klagehandsaming etter denne paragraf kan ikkje påklagast.

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga meiner at tilhøva som ass. rektor ved fagskulen peikar på er tilstrekkeleg belyst i paragraf 5-3 tredje ledd gjennom følgjande setning: [Ved klage på endeleg karakter på mappevurdering/emnekarakter er det berre mogleg å klage på sluttvurderinga og ikkje på enkeltståande prøver og innleveringar tilbake i tid.]. På bakgrunn av dette vert det føreslått å ikkje ta uttale om endring i § 5-3 tredje ledd til følge.

Til slutt vert det føreslått at styret vedtek forskrift for Fagskolen i Hordaland og forskrift om opptak ved Fagskolen i Hordaland utan endringar slik det ligg føre i denne saka (sjå vedlegg 1 og 2). Etter at styret har vedteke forskriftene vil dei verte kunngjort i Norsk Lovtidend (lovdata).

# Forskrift om eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland (forskrift for Fagskolen i Hordaland)

## Kapittel 1. Generelle føresegner

### § 1-1 Heimel og verkeområde

